

Nordhordland Utviklingselskap IKS – Budsjettføresetnadar 2017 og kommentarar

Generelt

I budsjettet for 2017 er der lagt inn innbetaling frå medlemskommunane på kr 11,6 mill., inklusiv innbetaling til spesielle prosjekt. Den totale auken er på 2,2 mill kr og den skuldast i hovudsak satsinga på IKT og reiseliv.

Det er ein usikkerheit knytt til dei eksterne inntektene som er budsjettert til dei ulike prosjekta. Dette skuldast at me ikkje veit kor mykje prosjektstøtte me vil få frå ulike søknadssteder. Vidare vil det vera ein usikkerheit knytt til inntekt frå arbeidet med helsehuset. Uavhengig om vi får ekstern finansiering av desse prosjekta, så er dette prosjekt som regionen ønskjer skal gjennomførast. Det som står oppført på prosjekt 25 helsehuset i budsjettet, er det som går på utvikling av tenestene som skal vere i huset. Sjølve investeringsprosjektet vil bli ivareteke av Region Nordhordland Helsehus IKS.

Me foreslår difor at ein gjev ei generell løyve til å nytte inntil 1 mill. kr frå disposisjonsfondet dersom dei eksterne inntektene vert mindre enn budsjettert. Den fullmakta til å kunne nytte midlar frå disposisjonsfondet vil særleg vere aktuell til å finansiere prosjekta samhandling helse, biosfære og eventuelt den generelle drifta til Regionrådet.

Det vil også kunne vere aktuelt å søke om prosjektinntekter for å finansiere eksisterande eller nye prosjekt. Den auken i eksterne inntekter vil kunne gi ein tilsvarande auke i kostnadane, men det skal ikkje føre til auka kostnadar for kommunane.

Det er budsjettert med om lag 3 % lønns-og prisauke i 2017. Det er budsjettert med 7 årsverk.

Pensjonskostnadane er usikre. Budsjettet tek utgangspunkt i prognosen frå KLP. Me samlar alle lønnskostnadene og faste kostnadar som er knytt til husleige, IKT, telefoner m.v. på prosjekt 1, med unntak av prosjekt 4 IKT der er vert lønnskostnadane belasta direkte på prosjektet. Kostnadane vert så fordelt på dei ulike prosjekta med å bruke artane 12900 – interne kostnadar / 17900 – interne inntekter.

Direkte kostnadar som kurs, opplæring, kontingentar, reise m.v. vert ført direkte på kvart einskild prosjekt.

Kommentar til nokre av prosjekta og dei forslaga som er til budsjett for 2017

1 – Administrasjon – drifta av Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Inntekter

- Medlemskontingent kommunane – aukar med kr 149.880 - til kr 3.845.000,-
- Kommunane sin kontingent fylkeskommunen (BRB) – kr 310.000,- redusert frå 10 kr pr. innbyggjar til 7 kr. Det skuldast at BRB vert lagt ned i 2016, og overføring av nokon av tenestene til fylkeskommunen.
- Kompetanseprosjektet – kr 391.000,- . Aukar med 14.520.
- Reiseliv – kommunane i Nordhordland vert medlem i Bergen Reiselivslag og innkrevjinga av kontingent skjer via NUI.

Kontingent fylkeskommunen, kompetanseprosjektet og Reiseliv har ein tilsvarande kostnadspost hos NUI.

- Interne inntekter – i og med at NUI administrer ein del prosjekt og gjer ein jobb for desse så må NUI ha betalt for dette. (sjå forklaringa under generelt)

4 – IKT strategi

Auken i budsjettet skuldast behovet for å satse meir på IKT og utvikla dette vidare. Auken er på 1,4 mill. kr (utan Vaksdal).

9 – sekretariat kontrollutvala

Inntekter

- Budsjettert med kr 692.000,- i inntekt frå kommunane, det er ein auke på 4 %. Vert fordelt med kr 60.000 som ein fast sats pr. kommune og resten etter folketal.
- Det er budsjettert å bruke kr 16.000,- frå fondet.

Kostnader

- Der er tenkt å nytte om lag 0,6 årsverk.

20 – LKT (Langvarige og koordinerte tenester)

Dette er eit nytt prosjekt som startar opp i 2017. Vi vil gå inn med om lag 0,3 årsverk i prosjektet.

Formål: LKT Prosjektet – samarbeidsprosjekt mellom kommunar og sjukehus i Helse Bergen sitt føretaksområde retta mot pasientar med trong for langvarige og koordinerte tenester.

Organisering: Helse Bergen har tatt initiativ til prosjektet og ivaretar prosjektleiinga gjennom sin FOU avdeling. Prosjektleiaren har meldt inn behov for å knytte til seg ressurs med kunnskap om kommunale tenester i det som er definert som kjerneteamet for prosjektet.

Samarbeidsutvala for dei fire utvalsområda i Helse Bergen HF har slutta seg til at kostnader til ein slik ressurs vert tatt inn i prosjektet, og alle 24 kommunar har slutta seg til ei fordeling av kostnadene.

Finansiering – vi får dekkja inn våre kostnader for 0,3 årsverk + reiser og andre direkte kostnader knytt til dette prosjektet.

24 – Samhandlingsprosjektet og 25 – Helsehus prosjektet

Desse to prosjekta må sjåast i samanheng

Inntekter

- Budsjetterer med 250.000 i prosjektinntekter og 110.000 frå avsatt fond.

Kostnader

- Utover prosjekterelaterte oppgåver ser ein at prosjektleiar gjer mange oppgåver som er direkte knytt opp mot kommunane si oppfølging av samarbeidsavtalar med helseføretak og sjukehus. Dette er særleg retta mot arbeid i Samarbeidssekretariatet og arbeidsoppgåver/roller i samarbeidsstrukturen mellom kommunar og sjukehus.

30 – Jordmasse

Prosjektet fortsetter i 2017. Vi har fått løyvd midlar frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen til prosjektet og dei er inntektsført i 2016 – totalt 400.000 kr. Difor vert prosjektet finansiert med fondsmidlar i 2017.

32 – Biosfære

Inntekter

- Det er budsjettert med kr 488.000 frå kommunane (+ Øygarden kr 55.000) og kr 557.000 i midlar frå eksternt mellom anna universitetet og fylkeskommune

Kostnader

- Den interne ressursbruken er satt til kr 685.000,- og andre kostnader til 415.000,-.

Andre prosjekt

Prosjekt 3 rådmannsgruppa – kan vere aktuell, men må da få påfyll av midlar.

Til dei andre prosjekta har me ikkje nokon særskilte kommentarar til prosjekta. Dei er dekkja med prosjektmidlar eller bruk av fond. Slik vi vurderer det skal det ikkje vere nokon risiko med omsyn til finansiering i desse prosjekta.

Knarvik, 18. november 2017



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingselskap IKS

Vedlegg:

- Budsjett 2017

Budsjett for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2017

	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Endring - frå budsj 2016
Innbetaling frå kommunane	-9 475 357	-9 371 000	-11 553 267	-2 182 267
Andre inntekter	-3 418 326	-3 398 000	-2 131 733	1 266 267
MVA og refusjon sjukepengar	-645 277	-225 000	-300 000	-75 000
Interne inntekter	-2 584 824	-2 472 000	-2 894 000	-422 000
Sum Driftsinntekter	-16 123 784	-15 466 000	-16 879 000	-1 413 000
Lønn	4 787 839	4 520 690	4 660 000	139 310
Lønn pensj og arb giv avgift	1 309 001	1 642 000	1 812 000	170 000
Kjøp av varer og tenester	6 687 752	7 343 310	8 722 000	1 378 690
MVA på kjøp	642 307	225 000	300 000	75 000
Interne kostnader	2 584 824	2 472 000	2 894 000	422 000
Sum Driftsutgifter	16 011 723	16 203 000	18 388 000	2 185 000
Brutto driftsresultat	-112 061	737 000	1 509 000	-772 000
Netto finans	-112 993	30 000	45 000	15 000
Netto driftsresultat	-225 054	767 000	1 554 000	-787 000
Avsetninger til fond	1 522 414	-	-	-
Bruk av tildleagare års mindreforbruk	-59 928	-	-	-
Bruk av fond	-2 069 996	-767 000	-1 554 000	787 000
Totalt Interne Finansieringstransaksjoner	-607 510	-767 000	-1 554 000	787 000
Årets resultat	-832 567	-0	-	-0

Budsjett for Nordhordland Utviklingsselskap IKS 2017

	1 Regionrådet	4 IKT Strategi	8 Akvakultur	9 Kontroll- utvalet	20 LKT (Langvarige og koordinerte tenester)	23 YOU Messa	24 Samhandlingsp rosjekt	25 Helsehus	26 Team Nord- hordland	30 Jordmasse	32 Biosfære	38 Vassområde Nord- hordland	Totalsum
Innbetaling frå kommunane	-5 296 000	-4 935 267		-692 000		-142 000					-488 000		-11 553 267
Andre inntekter		-529 733			-400 000	-10 000	-250 000		-100 000		-612 000	-230 000	-2 131 733
MVA og refusjon sjukepenga	-300 000												-300 000
Interne inntekter	-2 894 000												-2 894 000
Sum Driftsinntekter	-8 490 000	-5 465 000		-692 000	-400 000	-152 000	-250 000		-100 000		-1 100 000	-230 000	-16 879 000
Lønn	3 860 000	800 000											4 660 000
Lønn pensj og arb giv avgift	1 528 000	284 000											1 812 000
Kjøp av varer og tenester	2 935 000	4 281 000	300 000	108 000	50 000	143 000	40 000	70 000	50 000	250 000	415 000	80 000	8 722 000
MVA på kjøp	300 000												300 000
Interne kostnader		100 000	200 000	600 000	350 000	9 000	320 000	200 000	50 000	150 000	685 000	230 000	2 894 000
Sum Driftsutgifter	8 623 000	5 465 000	500 000	708 000	400 000	152 000	360 000	270 000	100 000	400 000	1 100 000	310 000	18 388 000
Brutto driftsresultat	133 000	-	500 000	16 000	-	-	110 000	270 000	-	400 000	-	80 000	1 509 000
Netto finans	45 000												45 000
Netto driftsresultat	178 000	-	500 000	16 000	-	-	110 000	270 000	-	400 000	-	80 000	1 554 000
Avsetninger til fond													
Bruk av tildelegare års mindreforbruk													
Bruk av fond	-178 000		-500 000	-16 000		-	-110 000	-270 000		-400 000		-80 000	-1 554 000
Totalt Interne Finansierings	-178 000	-	-500 000	-16 000	-	-	-110 000	-270 000	-	-400 000	-	-80 000	-1 554 000
Forventa fond 01.01.17*	1 300 000	500 000	500 000	270 000	-	20 000	150 000	270 000	50 000	400 000	150 000	300 000	3 910 000
Forventa fond 31.12.16	1 122 000	500 000	-	254 000	-	20 000	40 000	-	50 000	-	150 000	220 000	2 356 000

* ikkje heilt fullstendig - synleggjort at der det skal brukes midler frå fond så er der tilgjengeleg midlar - grovt anslag

Beløp belasta kommunane

Prosjekt	I året 2016	Forslag 2017	Endring
Medlemskontingent	3 695 120	3 845 000	149 880
BRB - kontingent	443 390	310 000	-133 390
Kompetanseprosjektet	376 480	391 000	14 520
Reiseliv	0	750 000	750 000
Sekretariat kontrollutvalet	665 600	692 000	26 400
Yrkes og utdanningsmessa	136 000	142 000	6 000
Biosfære	469 040	488 000	18 960
IKT*	3 582 205	4 935 267	1 353 062
Totalt	9 367 835	11 553 267	2 185 432

*Utan Vaksdal

Førebels fordeling for 2017 på kommunane

Kommune	Medlems- kontingent	Fylkes- kommunen kontingent (BRB)	Kompetanse- prosjektet	Reiseliv	Sekretariat kontroll- utvalet	YOU messa	Biosfære	IKT Strategi	Sum
1252 Modalen	33 040	2 664	18 788	67 095	33 973	8 499	29 208	232 615	425 881
1253 Osterøy	690 017	55 632	61 601	108 602	-	20 630	70 899	829 089	1 836 471
1256 Meland	677 443	54 618	65 816	107 808	135 102	20 398	70 101	820 618	1 951 904
1260 Radøy	440 268	35 496	43 844	92 823	98 622	16 019	55 050	603 093	1 385 215
1263 Lindås	1 353 412	109 118	109 722	150 515	241 772	32 880	112 997	1 433 234	3 543 650
1264 Austrheim	247 841	19 982	31 043	80 666	66 297	12 465	42 839	430 640	931 773
1265 Fedje	49 950	4 027	19 256	68 164	37 205	8 811	30 281	247 399	465 093
1266 Masfjorden	147 508	11 893	24 837	74 327	49 673	10 613	36 472	338 580	693 903
1411 Gulen	205 522	16 570	16 093	-	29 355	11 684	40 153		319 378
1251 Vaksdal	-	-	-	-	-	-		529 733	529 733
Total - 2017	3 845 000	310 000	391 000	750 000	692 000	142 000	488 000	5 465 000	12 083 000
Total -2016	3 695 120	443 390	376 480	-	665 600	136 000	469 040	3 964 000	9 749 630
Endring	149 880	-133 390	14 520	750 000	26 400	6 000	18 960	1 501 000	2 333 370